

## Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

- «For mange elevar i 10. klasse er utprøving i vidaregåande skular viktig når det gjeld val av framtidig utdanningsprogram. Tidlegare Hordaland fylkeskommune hadde i mange år eit tett og godt samarbeid med Bergen kommune for å legge til rette for utprøving i ulike utdanningsprogram. Sjølv om dei fleste elevane gjennomfører utprøving i ein offentleg vidaregåande skule, har private skular i Bergen vore ein del av dette samarbeidet dei seinaste åra og teke i mot elevar på utprøving. Vestland fylkeskommune sine tilbod om hospitering i og rundt Bergen er retta både mot offentlege og private ungdomsskular.
- Det har i hovudsak vore kommunane som bestemmer talet på hospiteringsdagar. Vestland fylkeskommune prøver å legge til rette for ønsker frå kommunar og ungdomsskular når det gjeld hospitering. Vi inviterer både offentlege og private ungdomsskular til utprøving i våre vidaregåande skular. Dette samarbeidet er særleg viktig når det gjeld utprøving innan yrkesfaglege utdanningsprogram.
- Vigo-inntaket er i utgangspunktet for dei offentlege skulane. Tidlegare Hordaland fylkeskommune gav for nokre år sidan friskulane tilbod om å vere med i Vigo-inntaket. Den gang var det St. Paul gymnas og Sonans vgs som ønskte å vere med. Sonans trakk seg ut frå Vigo-inntaket då dei vart «slått saman» til Sonans Fana private vgs. I 2019 vart Danielsen vgs etter eige ønskje med i Vigo-inntaket. Både St. Paul gymnas og Danielsen vgs er med i Vigo-inntaket for skuleåret 2020-21.»